

2020/79033 Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. Fordeling 2021

Søkjar	Prosjektnavn	Om prosjektet / Grunngjeving for bransjebygging	Totale utgifter	Søknads-sum	Tilråding	Grunngjeving
1 BERGEN LIGHTS, BERGEN	Bergen internasjonale lysfestival	<p>Om prosjektet: Bergen Lights har mottatt driftsmidler fra Bergen kommune og arbeider med å presentere en lysfestival i byrommene i januar hvert år. Vi søker her om midler til å delta i utviklingsfase1 av prosjektet Kunst og teknologi ved Årdal Utvikling.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Prosjektet Kunst og teknologi bidrar til bransjebygging ved at Bergen Lights bidrar med kunst og lysfaglig kompetanse inn i prosjektet. Årdal Utvikling innehar kompetanse om koblingen mellom kunst, teknologi og næring som Bergen Lights kan få stort utbytte av. Festivalen er invitert til å delta i dialog om utvikling av prosjektet og delta i workshops og pilotproduksjon. Vi er invitert sammen med BEK, Ekkofestivalen, HKS og KMD mfl.. Det er et mål at verk utvikles gjennom workshops og kan presenteres både på Bergen Lights og i Årdal og omegn. Koblingen mellom kunst, teknologi og næring er en vesentlig faktor i prosjektet hvor målsettingen er å øke næringsgrunnlaget for kunstnere og å tilføre kreativ kompetanse for teknologibedrifter.</p>	106 000	75 000	50 000	Dette er eit prosjekt med fleire samarbeidspartnarar innan ulike kunstartar. Vidare har prosjektet regionalt nedslagsfelt og stetter føremålet med ordninga.
2 DATASPILLSENTERET - NORSK SENTER	Konsoll 2021	<p>Om prosjektet: Konsoll er den største fagkonferansen for dataspelutvikling i Noreg. Her samlast norske og internasjonale deltakarar til foredrag, verkstader og diskusjonar om alt frå kunst, design og manusutvikling til forretningsforståing og investorrelasjoner.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Dataspelbransjen i Noreg er liten, men marknaden er global. 98 % av omsettinga til norske dataspelverksemder kjem i form av eksport til utlandet og spel er no den største norske kultureksporten rekna i omsetning. For å bygge opp ein større bransje er norske verksemder avhengige av å lære av internasjonale suksessar. Gjennom fagkonferansen Konsoll får utviklarar i Noreg høve til å lære av dei største kapasitetane frå utlandet på fagfelt som kunst, design, musikk, manusutvikling, historieforteljing, programering og marknadsføring. At konferanse er i Bergen gjer at Konsoll kan spele på Vestlandet som reisemål og tiltrekker seg store namn frå USA, Asia og ellers i Europa og gi den norske bransjen høve til å bygge internasjonale nettverk.</p>	1 042 000	100 000	60 000	Utviklinga innan den norske dataspelbransjen er i sterkt vekst. Som den største fagkonferansen for dataspelutvikling i Noreg kan Konsoll spele ei viktig rolle i styrkinga av fagkompetanse og nettverk til norske dataspelverksemder. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria.
3 Einar Jakobsen	Sykehjemvisninger av filmen Bergen i all beskjedenhet	<p>Om prosjektet: Bergen Kino A/S ønsker å få til visninger av kino dokumentaren Bergen - i all beskjedenhet for beboere på sykehjem i Bergen kommune.</p> <p>Dette er en film som følger byens endringer i løpet av det siste hundreåret.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Etter en koronastilstand i kulturbransjen er dette med på å holde kulturleverandører i arbeid, AV bransjen er en av dem som har slitt under kultur -nedstemming. Da for oss og AV bransjen å kunne leve en hyggelig stund til noen som har hvert isolert i et års tid, forhåpentligvis samtidig et kulturinnslag som starten på slutten av nedstenging og isolasjon for beboerne.</p>	540 000	490 000	Avslag	Denne ordninga skal ikkje gi støtte til kulturarrangement som framvisingar osb. Søknaden fell utanfor føremålet til ordninga og fylkesdirektør tilrår difor avslag.

4	FLORØ E-SPORT	Florø Esportsenter	<p>Om prosjektet: Florø Esportsenter er eit lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansesenter for gaming og esport. I tillegg til å være lokal treningsfasilitet, skal senteret være eit regionalt kompetansesenter og nasjonalt utdanningssenter.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Dette vil være det første regionale kurs- og kompetansesenteret innan esport i Norge, og vil være sentralt for utviklinga av esport vidare i Vestland. Senteret sikrar at ein har fasilitetar til å gjennomføre kurs og kompetanseheving innan esport som bidreg til utvikling av fleire og betre tilbod i heile fylket. Senteret og utlånsordninga gjer og at ein har fasilitetar til å gjennomføre arrangement, konkurransar og aktivitetar, og samstundes kunne gjennomføre det i forskjellig skala i heile regionen. Dette vil være attraktivt for ein rekke med aktørar som lag, organisasjonar, bedrifter og enkeltaktørar til film, tv og strømmeproduksjonar innan gaming og esport. Senteret gjer det lettare å gjennomføre større regionale og nasjonale arrangement</p>	600 000	200 000	150 000	Utviklinga innan gaming og e-sport skjer fort, og aktørane er etter kvart mange. Florø e-sport er ein etablert regional aktør som har vist god samarbeidsvilje med andre aktører i bransjen. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria.
5	Foreningen Trykkeriet	Støtte til kompetanseheving, strategiplan og produksjon av demovideoer	<p>Om prosjektet: Foreningen Trykkeriet vil utvikle en egen strategiplan, øke kompetansen til våre ansatte for å fremme trykketjenester til profilerte kunstnere, selge av kunst fra samlingen vår, samt få produsert en serie med videoklipp som viser ulike trykketeknikk.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Trykkeriet har allerede lang erfaring som produsent av verk og utstillinger for kunstnere, gallerister og museer. Gode produksjoner bidrar til å styrke kvaliteten i både egne og andre institusjoners utstillingsprogram. Vi har med det godt grunnlag for å styrke denne profilen ytterliggjere. Verk produsert ved Trykkeriet har vært vist ved institusjoner som f.eks Bergen Kunsthall, Oslo Kunsthall, Nasjonalmuseet, KODE & Documenta 13. En videreutvikling av Trykkeriet vil også bidra til en fortsatt styrkning av kulturtildelningen i Vestland fylke. Gode ressurscenter innen kultur bidrar blant annet til at flere nyutdannede kunstnere blir boende i regionen, også etter endt utdanningsperiode.</p>	680 000	200 000	170 000	Trykkeriet er ein ideel organisasjon for moderne trykk, der målet er å styrke den moderne trykkscena og vere ein ressurs for kunstnarar og designarar. Søknaden stetter føremålet med ordninga og fleire av vurderingskriteria.
6	GEMS AS	GEMS MUSIC	<p>Om prosjektet: Det søkes herved tilskudd til forretningsutvikling av musikkelskapet GEMS i form av opprettelse av musikkforlaget GEMS MUSIC 2021 - 2022. Prosjektet vil bidra til økte inntekter og langsiktig økonomisk bærekraft for virksomheten.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Bergen har få selskap som jobber profesjonelt med forlagsvirksomhet, GEMS MUSIC ønsker derfor å bidra til å profesjonalisere og utvikle verdikjeden og kunstnerøkonomien i feltet. Bygge videre på eksisterende kompetanse innen feltet som igjen vil ha ringvirkninger på hele verdikjeden innen musikkbransjen i Norge. I så måte unngå at opphavsmenn signerer forlag i utlandet, men at man beholder kompetansen og verdiene her i Norge.</p>	1 330 000	200 000	Avslag	Slik prosjektet er omhandla i søknaden stetter ikkje denne føremål og vurderingskriteria i ein slik grad at den kan prioritertast, m.a. når det gjeld regional kulturverdi.
7	KULTUR VEST AS	Kulturløft i Vest	<p>Om prosjektet: Etter pandemien må kultursektoren løftast. Kultur Vest har potensiale til å bli en drivkraft for et bransjeløft for kultursektoren i Vestland. Vår erfaring viser at det er lurt å snakke med ei, samla stemme, og den erfaringa vil vi dele på.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Det er eit stort uforløst potensial til samarbeid i kultursektoren. Det er ingenting som tyder på at motsetnadjar og konfliktar skapar betre produksjonsforhold, så vi ønskjer å sette i gang eit vestlandsloft, og då må vi løfte saman. Til det treng vi ein samla bransje, og med Kultur Vest i spissen kan vestlandskulturen trekke vekslar på kompetansen som finst her. Slik kan ein også få utøvarar til å bli her, og stogge hjerneflukta. Om dei ulike aktørane blir betre kjende med kvarandre, kan nye idear oppstå, og ein kan trekke vekslar på erfaringar og idear andre har. Vi kan bidra til å sjå forbindelseslinjer andre kanskje ikkje ser, utan anna mål enn å bygge kompetanse og tilføre bransjen samarbeidsverktøy og slagkraft.</p>	88 000	75 000	Avslag	Kultur Vest AS er ein medlemsorganisasjon for profesjonelle kulturaktørar i Bergensområdet og har som føremål å legge til rette for samarbeid og samhandling i eit overordna og langsiktig perspektiv. Eit prosjekt som dette er noko medlemene, som mottek offentleg driftsstøtte, kan medverke til. Vidare kan ikkje fylkesdirektøren sjå at det ligg føre ein konkret plan for korleis måla skal nås. Totalbudsjettet er vidare lågt sett i samanheng med målsettinga om eit "Kulturløft i Vest" og det vert i tillegg søkt om tilnærma fullfinansiering.

8	NORSK FORFATTERSENTRUM	Rammeverk for digitale oppdrag	<p>Om prosjektet: Den enorme økningen av digitale litterære oppdrag siden mars 2020 har ført til mange nye spørsmål rundt honorering og rettigheter. NFV vil utarbeide et omfattende rammeverk for digitale oppdrag i samarbeid med forfatteres oppdragsgivere.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Prosjektet bidrar til bransjebygging i form av at det omfatter flere aktører fra litteraturfeltet og ikke minst fordi det vil etablere et rammeverk for honorering av digitale oppdrag, noe som er mangelvare på litteraturfeltet i dag. Dette kan også overføres og anvendes - med visse justeringer tilpasset de ulike felt - i andre bransjer på kulturfeltet. Prosjektet vil sånn fungere som kompetansehevende både for oss som initiativtager, våre samarbeidspartnere og andre aktører i andre felt som kan dra nytte av prosjektets ulike faser.</p>	180 000	50 000	50 000	Resultatet fra dette prosjektet vil kunne gi overføringsverdi til aktørar i same bransje, så vel som aktørar innan andre bransjer i kulturnæringa. Søknaden stetter føremålet med ordninga og fleire av vurderingskriteria.
9	PREFORM AS	Fjaler Studio	<p>Om prosjektet: PreForm utviklar kunstproduksjonshuset Samvirket i Fjaler. Vi vil utvikle eit nytt tilbod for musikkbransjen. Vi har bygd opp studio med gode akustiske kvalitetar og drifta vil bygge vidare på det samarbeidet i allereie har etablert.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: PreForm skal legge til rette for kunstproduksjon noko som er ein del av formålet med denne tilskotsordninga. Vi arbeider med å styrke og utvikle strukturar, tenesteutvikling og kompetanseheving til næringa. Tiltaket har ein lokal, regional og nasjonal kulturverdi. Ved å tilby eit nøytralt kvalitetstudio og tenester for heile musikkproduksjonsløpet frå ide til turne meiner vi at Fjaler Studio er eit viktig bidrag til vidare utvikling tilbodet til musikkbransjen. Drifta av tiltaket bygger på det produksjonssamarbeidet vi allereie har etablert. Musikk og musikkproduksjon vil bli ein naturleg del av den vidare utviklinga av kunstproduksjonsmiljøet i Fjaler.</p>	320 000	150 000	100 000	PreForm er ein etablert aktør som har vist god samarbeidsvilje med andre aktører i bransjen. Søknaden stetter føremålet med ordninga og fleire av vurderingskriteria.
10	RANDEFALK MUSIKK AS	Regional verdikjedeutvikling av tilbehørselementer for blåseinstrumenter	<p>Om prosjektet: Randefalk Musikk har hatt god vekst de siste årene og produktportfølgen vokser seg sterkere. Vi ønsker å få til en regional verdikjedeutvikling med produksjon av tilbehørselementer blåseinstrumenter i Alver, samt tett dialog med bruker i utvikling.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: I dette prosjektet tenker vi at produktet vil bidra til bransjebygging helt fra skolekorps og kulturskoler (utdanningsinstitusjonene) via regionale Musikklag til profesjonelle musikere. Vi er i innledene dialog med flere lokale bedrifter for å få gjort prototyper og dette ser veldig positivt og lovende ut for en regional bransjeutvikling. Vi ser at det finns mange samarbeidspartnere for videreutvikling av Randefalk sine produkter, som kan skape større nasjonal og internasjonal interesse. Flowpartner er nå produsert i PC-plast men her ønsker vi å utvikle den i et annet materiale for å forbedre egenskapene. Det er allerede stor interesse om våre produkter i Musikklag regionalt og nasjonalt og vi har også tatt flere globale markedsandeler.</p>	350 000	175 000	Avslag	Slik prosjektet er omhandla i søknaden stetter ikkje denne føremål og vurderingskriteria i ein slik grad at den kan prioriterast. Søknaden vert m.a. vurdert til å omhandle ordinær drift, og styrking av denne, noko ordninga ikkje kan støtte.

11	SOGNDAL KOMMUNE	Bransjenettverk for kultur i Sogn	<p>Om prosjektet: Kulturbransjen i indre Sogn er mangfaldig, med stor geografisk spreieing og utan felles møteplassar for profesjonelle kulturaktørar. Forprosjektet skal vurdere om ein nettverksorganisasjon for kulturbransjen er liv laga i indre Sogn.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Dei profesjonelle kulturaktørane i indre Sogn utgjer ein mangfaldig kulturbransje som er spreitt over eit relativt stort geografisk område og som manglar felles møteplassar. Me trur ein felles nettverksorganisasjon for kulturbransjen i indre Sogn er eit sårt tiltrentg initiativ som kan styrke kulturlivet i heile indre Sogn. Nettverksorganisasjonen kan til dømes gi profesjonelle kulturaktørar eit lokalt bransjefellesskap, gjere vegen inn i profesjonelt kulturliv kortare for lokale talent, gjere dei kulturelle næringane og dei profesjonelle utøvarane meir attraktive for lokalsamfunna, og styrke samarbeidet mellom dei profesjonelle utøvarane, offentlegheita, frivilligheita, amatørane og anna næringsliv.</p>	570 000	300 000	Avslag	Slik prosjektet er omhandla i søknaden stetter ikkje denne føremålet og vurderingskriteria i ein slik grad at den kan prioriterast. Før eit evt forprosjekt settes i gang bør kommunen på eige initiativ sondere trøngen for eit bransjenettverk blant dei aktuelle kulturaktørane og kome attende med ein meir gjennomarbeidd prosjekt i samarbeid med aktørane. Det er heller ikke vist til politisk vedtak om at tiltaket er politisk forankra i eige kommune.
12	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	Bransjeutvikling og etablering av nettverk for litteraturformidlarar	<p>Om prosjektet: Litteraturhuset i Bergen søker tilskot for å invitere til ein fagkonferanse hausten 2021 og i kjølvatnet av dette opprette eit nettverket for å diskutere samarbeid, fag og kulturpolitikk. Det vil deretter bli nettverksmøte to gonger i året.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: At ulike kultur- og litteraturformidlarar i Vestland kjem saman for å diskutere og hause erfaringar frå kvarandre, ser vi ikkje berre på som eit ubetinga gode, men òg heilt nødvendig. Det er nettopp gjennom samarbeid vi kan vere i stand til å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland.</p>	120 900	120 900	50 000	Søknaden stetter føremålet med ordninga og fleire av vurderingskriteria. Det vert søkt om fullfinansiering, noko som ikkje er vanleg å innfri i VLFK med kulturmidlar. Fylkesdirektør tilrår difor 50 000 kroner til denne etableringa.
13	Stiftelsen Spillhus Bergen	Nettverk for markedsføring og utvikling av den regionale spillbransjen	<p>Om prosjektet: Stiftelsen Spillhus Bergen ønsker å forme et lokalt markedsføringsnettverk for spillbransjen, målet er å øke publikums bevissthet om spillrelaterte aktivitetar i regionen, samt fremme bransjens virksomheter, og øke involveringen av publikum.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Spillbransjen markedsfører seg mot et internasjonalt publikum når det gjelder sine produksjoner. Gjennom å skape et pilotprosjekt forsøker vi å gjøre noe nytt innen markedsføring for bransjen. Ved en større synlighet på lokalt og regionalt nivå kan investorar se hva som beveger seg i miljøene, «folk flest» få med seg at det finnes en stor lokal bransje, samt kan dette fremme gode samarbeid på tvers av bedrifter og arrangører. Vi allerede fått inn flere samarbeidspartnere og vi ser at vi da kan synliggjøre spillbransjen på et nivå som aldri før har blitt gjort i Bergen og Vestland.</p>	520 000	320 000	150 000	Dette samarbeidsprosjektet søker til eit omfattande informasjonsarbeid gjennom nyskapande annonsering. På denne måten kan bevisstgjeringa og kunnskapen om bransjetilbuet allmengjerast for publikum. Søknaden stetter føremålet med ordninga og fleire av vurderingskriteria.
14	Stiftinga Kystkultur No!	Utvikling av Kystkultur.no	<p>Om prosjektet: Utvikling/ferdigstilling av Kystkultur.no 1.0 – eit digitalt sjumilssteg for lokal kultur. Kystkultur.no er eit skalerbart publisering- og distribusjonssystem for brukargenerert allmennytig/ideelt og kvalitetssikra innhald.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Kystkultur.no smeltar saman lokalt innhald og krysspubliserer dette på eit nettverk av infrastruktur i lokalsamfunnet og dannar såleis eit spenstig springbrett for det lokale kulturlivet. Ferdig utbygd vil dette systemet ha stor overføringsverdi til fleire andre sektorar enn berre kystkulturen. Her er det eit stort potensiale for å nå ut med informasjon frå både lokale kulturmøter, offentlege aktørar og andre aktørar. Presentasjonsmøter med mange ulike typar aktørar har gitt tydelege tilbakemeldingar som alle seier at Kystkultur.no 1.0 samsvarer svært godt med deira ynskjer for digital infrastruktur for informasjonsspreiing.</p>	2 400 000	500 000	Avslag	Denne ordninga skal m.a. ikkje gi støtte til innhaltsproduksjon, noko utvikling av ei nettside vert rekna for å vere. Vidare er utvikling av ei nettside å rekne som del av ordinær drift. Søknaden fell såleis utanfor føremålet til ordninga og fylkesdirektør tilrår difor avslag.

15	SUNNFJORD MUSIKKFEST	Lutt konferanse	<p>Om prosjektet: Lutt konferanse gir musikkbransjen i regionen auka nærings-, marknads-, og forretningskompetanse. Konferansen fokuserer også på oppdatering av bransjen på nye bransjestandardar. I tillegg er konferansen ein viktig møteplass for aktørane i regionen.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Dersom ein aktør uansett bransje, ikkje er økonomisk bærekraftig og står åleine, er det stor sjanse for at aktøren må avslutte arbeidet sitt på eit tidspunkt. Dersom ein aktør er økonomisk bærekraftig og har eit samhold/kollegaer i andre aktørar, er det mykje større sjanse for at aktøren vil vekse. Lutt konferanse bidrar med kunnskap, bransjeforståelse, samtalar og diskusjonar og eit nettverk. Konferansen vil blant anna hjelpe aktørane med korleis dei kan selge produktet sitt og bli ei næring. Forretningsutvikling, monetising og ei strukturert organisering gir profesjonalisering av bransjen. Å flytte fleire aktørar over i denne båsen gir større og meir stabile aktørar og dernest større og meir stabil bransje.</p>	189 500	50 000	50 000	Fylkesdirektøren vurderer konferansen til å vere eit viktig verkemiddel for å auke fagkompetansen og nettverket i musikkbransjen i regionen. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria.
16	SYV MIL AS	Subsidiert produsenthjelp for scenekunsten	<p>Om prosjektet: Gjennom subsidiert produsenthjelp vil vi inngå samarbeid med 10 forskjellige kunstnere/ kompanier for å bidra med gjennomføring av prosjekter rammet av pandemien, utvikle nye prosjekter og arbeide for mer turné på Vestlandet. Dette skal styrke kunstn.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Prosjektet gir direkte styrket bransje, gjennom å imøtekommne individuelle behov til kunstnerens eget kompani styrkes, nye nettverk og nye spillingar på nye steder vil styrke både Vestlandet som kulturell arena og kunstneren selv. For oss som produsenter vil også vår kompetanse styrkes gjennom nye relasjoner og nettverk. Siden vår oppstart har bransjen allerede markert seg tydeligere.</p>	129 500	60 000	60 000	Syv Mil vart etablert i 2019 og tilbyr produsenttenester innan scenekunst, i tillegg til utvikling av eigne og andre sine scenekunstnariske prosjekt. Dette prosjektet kan generere auka inntekt og arbeid både for dei involverte kunstnarane og produsenten og vidare oppretthalde ei god økonomi for den aktuelle bransjen i regionen. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria.
17	SYV MIL AS	Hermit Plattform (arbeidstittel)	<p>Om prosjektet: Digital bærekraftig løsning for kulturfeltet med mål om å tilrettelegge for bytte, gjenbruk og videresalg for kulturfeltet, både det profesjonelle, amatører og kulturarbeidere. Innen 3 år er målet å opprette et felles varelager for bytte og gjenbruk.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Kulturbransjen vil gjennom gjenbruk og strukturert bytte av materialer bidra til en mer bærekraftig produksjon som støtter opp under miljøvennlige valg. I dag er kulturbransjen ikke tilrettelagt for slike løsninger pga. økonomi og mangel på lagerplass. Over lengre tid vil behov for lagerplass minke og økonomien forbedres på produksjoner.</p>	980 000	155 000	110 000	Syv Mil viser her til ei kjent problemstilling i bransjen. Gjenbruk og lagring av utstyr vil både bidra til meir miljøbevisste val og til bedre økonomi i kunstproduksjonane. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria. Denne søknaden er blant dei som har søkt for 3 år. For dei fleirårige søknadene som er innvilga støtte, gjeld alle tilrådingane for 1 år. Fylkesdirektøren vil kome attende med ei evaluering av ordninga, der det m.a. vil bli vurdert om det skal opnast for fleirårige tildelingar.
18	SYV MIL AS	Produsentpodden	<p>Om prosjektet: Podcasten skal gi visjoner, nye tanker, motivasjoner og initiativ til å produsere og formidle scenekunst på nye måter på Vestlandet. Kritikere, teoretikere, produsenter, kunstnere og arrangører skal sammen se på mulighetene for å videreutvikle feltet.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Gjennom flere samarbeid utenfor institusjonene og de veletablerte arenaer skal vi styrke kulturaktiviteten på Vestlandet. Kultursektoren vil nå et nytt publikum gjennom å produsere og spille på utradisjonelle steder, inkludere flerkulturelle og gå i samarbeid med mer sight spesifikke arenaer. Kirker, museum, uteområder, nedlagte meierier, fabrikklokaler, kalkgruver og skogsområder er ofte ubrukte arenaer som kan være helt nye arenaer. Hvilke utfordringer og fordeler kan vi møte? Hvordan står det til med mangfoldet i scenekunsten? Er det et klasseskille? I møte med fagpersoner, teatersjefer, kunstnere og nye arenaer skal vi finne løsninger.</p>	545 000	190 000	Avslag	Syv Mil har i denne omgang levert 3 søknader til handsaming. Fylkesdirektøren har valt å prioritere 2 av desse.

19	TEATER VESTLAND AS	Regional bransjeutvikling i Vestland	<p>Om prosjektet: Teater Vestland startar regionalt bransjetreff for scenekunstnarar i Vestland fylke. Som fylket sitt største regionalteater er vi ein naturlig initiativtakar til å samle bransjen for å utvikle nye møteplassar og samarbeidsmodellar.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Regionreforma slår saman to fylke, eitt med stort scenekunstmiljø, og eitt med mindre scenekunstmiljø. I 2021 ynskjer vi gjennom regiontreff og faglege samlingar å bygge felles identitet og forståing for kva samanslåinga kan skape av mogleheter for scenekunstnarane i det nye fylket. Teater Vestland vil tilby workshops og kurs fordi det er ein måte å styrke bransjen regionalt på, men det vil òg gje inspirasjon, nye referansepunkt og fagleg påfyll. Det er generelt få i regionen vår som tilbyr kurs, seminar og workshops som rettar seg mot scenekunstnarar med mål om å utvikle dei til næringsdrivande i eige fylke. Teater Vestland har moglegheit til, i samarbeid med miljøet, å gi eit tilbod i den delen av landet der dei bur.</p>	512 480	100 000	60 000	Møteplassar i form av regiontreff med fokus på nettverksbygging og faglege samlingar er viktige verkemidlar for å styrke kompetansehevinga i bransjen. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria. Fylkesdirektøren vil oppmøde Teater Vestland til å søkje samarbeid med Det Vestnorske teateret om regionalt bransjetreff.
20	TEKSTALLIANSE	Tekstallianse - Regional bransjeutvikling	<p>Om prosjektet: Tekstallianse er et nettverk for litteraturfeltet på Vestlandet, og søknaden har fokus på faglig program, produsentfaglig praktikantprogram og bransjeutviklende tiltak i Vestland fylke. Prosjektbeskrivelse vedlagt.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: En åpenbar utfordring for regionalt, bransjeutviklende arbeid på Vestlandet er demografien i regionen, og det kreves en spredt tilstedeværelse og oppsøkende virksomhet i mindre miljøer. Med regionale prosjektledere og aktive samarbeid med aktørene i regionen, vil vi tilby et tilpasset og effektivt program som vil gi kort- og langsigkt effekt. Vi tror at vi fra Vestlandet har et stort potensial ved å fokusere spesialisert, regionalt og internasjonalt. Dette krever også et overordnet, strategisk arbeid i tett dialog med aktørene, og en aktiv, fremoverlent og opplyst deltagelse i bransjerelaterte forum og politisk debatt.</p>	1 857 626	250 000	170 000	Tekstallianse vart etablert i 2019 og er rekna som ein viktig aktør i å fremme skriftkulturen på Vestlandet. Dette prosjektet vil kunne bli eit viktig virkemiddel for å styrke litteraturbransjen i Vestland ved å m.a. auke kompetanseheving, samt betre vilkår for produksjon og formidling av litteratur.
21	TEKSTALLMENNENGEN AS	Tekstallmenningen - tidsskrift- og småforlagssentralen	<p>Om prosjektet: Tekstallmenningen AS – tidsskrift- og småforlagssentralen er etablert i Bergen i 2020 av den regionale litteratuorganisasjonen Tekstallianse i samarbeid med Norsk tidsskriftforening og kulturtidsskriftet Vagant.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Tekstallmenningen skal tilby tjenester knyttet til salg, formidling og distribusjon av kulturtidsskrifter i hele landet, i tillegg til å arbeide strategisk for tidsskriftenes rammebetegnelser, synliggjøre deres viktige rolle i offentligheten og stå for kompetansehevende tiltak for redaktører, kritikere og andre medvirkende. Tekstallmenningen har som målsetting å styrke kulturtidsskriftene ved å frisette faglige ressurser, redusere kostnader og øke synlighet og salg.</p>	2 490 113	150 000	70 000	Tekstallmenningen har målsetting om å styrke kulturtidsskriftene ved m.a. formidling og distribusjon. Prosjektet vil kunne bidra til omdømmebygging og samtidig fremme tidsskriftene for eit ålment publikum. Fylkesdirektør tilrår noko midlar til gjennomføringa av pilotprosjektet i 2021 og vil kome attende til ei evt ny søknad i 2022 for vidare utvikling.
22	VESTNORSK FILMSENTER AS	Profesjonaliserings- og internasjonaliseringsløft for Vestnorsk filmbransje 2021-2023	<p>Om prosjektet: Mot en sterkere og mer bærekraftig filmbransje på Vestlandet! Rigge filmbransjen på Vestlandet til å posisjonere seg, ta en større andel av finansieringen og således øke produksjonsvolumet og kontinuiteten og bli en bærekraftig næring.</p> <p>Grunngjeving for bransjebygging: Styrke etablerte produsenter: 6 produsenter i 1-årig program som gir ekspertundervisning og veiledning på internasjonal finansiering, internasjonal co-produksjon, salg og distribusjon. Styrker deres posisjon og reduserer også avhengigheten av det tradisjonelle finansieringsløpet gjennom NFI for å få prosjektene realisert og selskapene i produksjon. Løfte produsentalenter til posisjon: hospiteringsordning, gjennom "hands-on" læring over tid styrkes de som selvstendige produsenter som kan posisjonere seg i forhold til nasjonal og internasjonal finansiering. Styrke fagfunksjoner: hospiteringsordning, fagfunksjoner med høy kompetanse og bred erfaring kan besette funksjoner i både lokale, nasjonale og internasjonale innspillinger i regionen.</p>	1 200 000	500 000	200 000	Vestnorsk filmsenter søker her til ei spissa satsing for å oppnå ein meir berekraftig filmbransje på Vestlandet. Søknaden stetter føremålet i ordninga og fleire av vurderingskriteria. Denne søknaden er blant dei som har søkt for 3 år. For dei fleirårige søknadene som er innvilga støtte, gjeld alle tilrådingane for 1 år. Fylkesdirektøren vil kome attende med ei evaluering av ordninga, der det m.a. vil bli vurdert om det skal opnast for fleirårige tildelingar.
SUM				16 751 119	4 410 900	1 500 000	